



MELDING OM VEDTAK

frå
møte i
NMU 11.7.2014

Saksnr 2014/328	Løpenr. 6871/2014	Klassering K46	Avd / sakshandsamar LAND/ AOF	Dato 15.7.2014
--------------------	----------------------	-------------------	----------------------------------	-------------------

PS 46/14 Klage på avslag for søknad om godkjenning av Indre Brandal hjortevald 2014/328

Næring og miljøutvalet si handsaming:

Brev frå Brandal hjorteviltlag SA datert 10.7.2014, lagt på bordet.

Annika Brandal V, stiller spørsmål til sin gildskap og trer frå møtet.

Siv Marit R. Kaldhol AP, tek over som leiar i møtet.

Ole Frank Bakken V, kjem til som vara for Annika Brandal.

5 voterande

Ho vert samrøystes røysta ugild, jf. Forvaltningslova § 6 b.

Kort pause for at vara får lese brev som vart lagt på bordet.

Håvard Alvestad H, fremja fylgjande forslag til nytt vedtak:

«NMU imøtekjem ikkje klagen frå Indre Brandal Hjortevald v/ Ståle Brandal og opprettheld vedtaket i politisk sak 42/14.

Saka vert å sende til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.»

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart røysta opp mot forslaget til Håvard Alvestad. Tilrådinga vedteke med 4 røyster for – 1 røyst mot.

Vedtak:

Heimelsgrunnlag for vedtak:



1. Med tilvising til Forskrift om behandlingsmåte i forvaltnings sak (forvaltningsloven), §§ 24-25 og §§ 28-33, finn Hareid kommune heimelsgrunnlag for å ta klage frå Ståle Brandal m.fl. om vedtak i NMU, møte 03.06.2014, sak PS 42/14, opp til handsaming.
2. Etter Forskrift om forvaltning av hjortevilt, nr. 134, 2012.02.15, § 10, første ledd, og med særleg tilvising til Viltloven § 33 om lovfesta jaktrett på vegar og veggrunn med annan grunneigar, og som og gjeld m.a. for rørgater og liknande anlegg, finn Hareid kommune at søknad om godkjenning av Indre Brandal hjortevald stettar minstekrav til samanheng, avgrensing og form.
3. Etter same forskrift, § 11 pkt. a)-f), jfr. og § 12 finn kommunen at søknaden oppfyller kravet om kva opplysningar søknaden skal innehalde.
4. Etter same forskrift, § 13 tek Hareid kommune søknaden opp til nytt godkjenningsvedtak.

Vedtak:

1. Med tilvising til heimelsgrunnlaget, Forvaltningsloven §§ 24-25 om grunngeving av vedtak, og særleg til at NMU i sitt vedtak ikkje har vurdert saka i høve til § 33 i Viltloven, finn Hareid kommune å måtte kome klaga frå Ståle Brandal m. fl. i møte. Vedtak i PS 42/14 vert derfor gjort om inkje.
2. Med tilvising til heimelsgrunnlaget i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, nr. 134, 2012.02.15, § 10 første ledd, men med særleg tilvising til Viltloven § 33, finn Hareid kommune å kunne godkjenne Indre Brandal hjortevald med eit teljande areal på 368 dekar.

Grunngjeving:

I vedtak i PS 42/14 er det ikkje vurdert eller teke stilling til saka i høve til Viltloven § 33 eller til kommunen sin skjønnsfridom i høve til krav etter Hjorteviltforskrifta § 10. Vedtaket er heller ikkje vurdert i høve til likehandsaming når det gjeld tidlegare godkjende vald innafor gnr. 40 Brandal i 2014.

Hareid, 15.7.2014

Rett utskrift:

Anne-Karete Mork
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering